

Voss Musikkråd
Pb. 417
5702 Voss

ÅRSmelding for 2012

Voss Musikkråd

Årsmøtet for driftsåret 2011 vart avvikla i Hålandshuset, i møtelokalet til Vossajazz, den 2. februar 2012. Til stades var 9 personar som representerte 6 medlemslag, Voss Musikklag, Voss Spelemannslag, Voss Gymnas-musikklinja, Fossegrimen, Voss Bluesklubb, Vossa Jazz og medlemer frå Voss Musikkråd.

Som vanleg opna leiaren møtet med å ynskja alle hjarteleg velkomne. Innkallinga og saklista vart godkjent utan merknader. Til møteleiar vart styreleiaren vald og som referent vart Trude Storheim vald.

Årsmeldinga vart deretter handsama og leiaren gjekk igjennom den. Deretter vart det høve for dei frammøtte å stilla spørsmål eller kommentera meldinga. Spørsmålet om «gamlekinoen» vart diskutert og årsmøtet bad styret om å fylja opp denne saka. Samtidig vart kulturhuset Fraktgodsen trekt inn i samtalen og begge desse kulturlokala vart styret oppmoda om å fylja opp. Deretter vart årsmeldinga godkjent.

På årsmøtet vart det framlagt ei skisse over nytt gjerde til friluftscenen med prisoverslag.

Rekneskapen vart så lagt fram og kommentert av kasseraren. Dertter vart den godkjent utan merknader.

Valnemnda la deretter fram forslag til det nye styret som vart samråystes godkjent. Det har vore samansett slik dette året:

Leiar: Brynjulf Norheim
Nestleiar: Snialvur Joanesarson
Kasserar: Kjartan Ringheim
Skrivar: Øystein Dahl
Styremedl.: Aslak Himle

Varamedlemmer: 1. Knut Brunvoll
2. Laila Selland
3. Brynjulf Prestegard

Revisorar: Jostein Bøyum
Kirsten Takvam

Ny valnemnd:

Grete Søvik
Ellen Marie Selland Geitung
Lars Gjelland

Kontaktperson for Friluftscenen:

Kjartan Ringheim

Styret

Styret har hatt 7 ordinære styremøte i dette arbeidsåret og handsama 39 saker. Styret har i tillegg hatt tilsynet med Friluftscenen og gjort forefallande arbeid der. Eit fast møtelokale er vi framleis på leiting etter, likeins eit høveleg lagerrom. Møtelokalet i Hålandshuset har eit avgrensa tidsbruk slik at vi kan ikkje nytta det mellom Vossajazz-festivalen og Ekstrem sportsveko dvs. mellom Påsken og Jonsok. Derfor har vi og i dette året måtte finna andre løysingar i denne perioden.

Leiaren har representert VMR på konferanse arrangert av Hordaland Musikkråd i Bergen saman med Øystein Dahl som er og styremedlem i HMR. Elles har styret vore representert på møte og synfaring som gjeld «gamlekinoen» og Kulturhuset og beringing av musikklinja på Gymnaset.

Leiaren er fast medlem av Kontaktutvalet for Distriktsmusikarane og leiar for Samarbeidsutvalet for Voss Kulturskule. Kjartan Ringheim har hatt hovudansvaret for utleige av Friluftscenen. Øystein Dahl er medlem av styret i Hordaland Musikkråd og har delteke på kurs og seminar der. Snialvur Joanesarson og Aslak Himle er våre bygningstekniske konsulentar og er spesielt viktige når det gjeld vedlikehald av Friluftscenen.

Saker og aktivitetar i 2012

Det første som stod på agendaen i dette arbeidsåret var å finna ein lagerplass for alt utstyret vårt som vi hadde hatt ståande i Denjabygget. Etter noko drøfting bestemte vi oss for nytta vårt eige lokale på Prestegardslandet, Friluftscenen, sjølv om han ikkje er særleg ideell for lagring av notar og dokument. I andre etasjen har vi no plassert det førebels med tanke på å få laga eit innebygt skåp og hyller som høver betre for slik lagring.

Etter at vi ikkje kunne nytta møterommet i Hålandshuset i ca 3 månader, måtte vi finna ein annan stad å vera i den perioden. I naudstilfelle har vi av og til nytta China House til møte då det er ope på kveldstid og elles er ein roleg plass å vera. Slik har det vore i år og, men så har vi fått nytta kantina i Regimentshuset på Tvildemoen etter avtale med Øystein og hans firma, og det er ein svært høveleg plass for oss. Dette kan verta den beste løysinga i nærmaste framtid, men på sikt bør nok styret arbeida for å få ein permanent møteplass meir sentralt.

Leiaren i VMR vart i saman med Torgunn Hegland i Festival Voss oppmoda om å få etablert ein paraplyorganisasjon som skulle famna over alt kulturlivet på Voss. I juni vart alle interessentar innkalla til møte og eit interimstype etablert. Eit endeleg Voss Kulturråd vil bli skipa i begynninga av dette året. Dette vil føra til visse endringar av musikkrådet sine

oppgåver overfor kommunen. Tilrådinga av kulturmidlar vil truleg verta som før, men den må då gå om det nye kulturrådet. Tildelinga av tilskot til speling 1. 8. og 17. mai som musikkrådet gjorde direkte til dei aktuelle laga, vert truleg gjort av kulturrådet, men tilrådinga om fordeling av dette tilskotet, vil nok musikkrådet kunne stå for.

Den vanlege tilrådinga av dei kommunale kulturmidlane for 2012, som VMR er ansvarleg for, gjekk som normalt. 10 av våre medlemslag fekk tildelt tilskot av ein pott på kr. 150.000. Tilskotet til speling 1., 8. og 17. mai vart tildelt slik styret vedtok. Det er no på kr. 40.000.

Berginga av musikklinja på Gymnaset og Fraktdøsen og ombygginga av «gamlekinoen» har stått på dagsordenen fleire gonger dette året. Vi har støtta desse sakene ved fleire høve og vore med på møte og gått ut i pressa med støtteskriv. Slik stoda er no, så ser det ut som Musikklinja er berga og elles har det opna seg noko når det gjeld «gamlekinoen». Dette er viktige saker for musikklivet på Voss som musikkrådet vil fylja opp framover.

Friluftscenen

Det har i fleire år vore behov for eit gjerde framfor scenegolvet og i år fekk vi teikningar og eit tilbod på utføring av monteringsarbeidet. Vi har søkt om tilskot i dei tre bankane våre her på Voss, men diverre fekk vi negativt svar frå alle tre. Det går an å sökja igjen, men vi bør prøva å finna andre sponsorar i tillegg.

Det har ikkje vore noko tagging på veggene etter at vi målte dei. Men på scenegolvet har det alltid vore tilgrising og anna søppel. Dette betyr at vi må alltid ta ei dugnadsøkt kvar vår før den vert teken i bruk av leigetakrarar.

Utleiga har vore jamt bra i år og det ser ut som vi får faste sokjarar i åra framover. Elles er planen vår å byggja ut loftet til eit godt lagerrom.